

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Innstillinga med slikt endringsforslag i punkt 2, 2. setning:

Prosesen med regional plan vert utsett til dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklara gjennom Jernbaneverket sin KVVU."

### **Røysting**

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet sitt grunn for røystinga.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet viser til Jernbaneverket sitt oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starta opp eit KVVU-arbeid for logistikknutepunkt i Bergensområdet. Fylkesutvalet ser at det vidare arbeidet kring framtidig lokalisering av godshamn for Bergensområdet vert best ivareteke gjennom denne prosessen. Fylkesutvalet legg til grunn at KVVU-organiseringa sikrar brei deltaking frå fylkeskommunen.
2. Fylkesutvalet slutthandsamar ikkje det reviderte planprogrammet for "Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet" no. Prosesen med regional plan vert utsett til dei overordna føresetnadane for eit framtidig logistikknutepunkt og behovet for vidare planarbeid er avklara gjennom Jernbaneverket sin KVVU.